



Dette er det aktuelle arealet, med garasjen til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I februar søkte AFA, som er heleigd av kommunen, om refinansiering av lån på 400.000 kroner for kjøp av næringsareal. Formannskapet gjekk torsdag kveld samrøystes inn for søknaden, som også skal handsamast i kommunestyret.

Næringsarealet er nabotomta til AFA som Tor Eik eig og som er på 1,3 mål. Kjøpet omfattar også den nyrestaurerte garasjen. AFA har no eit leigeforhold på garasjen og området rundt til dagleg drift.

AFA har plassmangel og ved eit kjøp kan verksemda straks ta i bruk området til den daglege drifta. Hvis arealet blir seld til eit anna føremål, må AFA innskrenka drifta noko på sikt.

Seljaren har ein annan kjøpar på hand som ønskjer å byggja bustader på området, men Eik vil heller selgja til AFA.

Kjøpesummen som dagleg leiar Tor Vidar Sæle og Tor Eik er einige om, er 400.000 kroner. AFA har no eit lån via kommunen på 2.570.028 kroner.

Av Ola Matti Mathisen